



Multiconsult  
Nesttunbrekka 99  
5221 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2799 - 16/26332

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
23.09.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/661 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.09.16.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Søknad gjeld tilbygg til arbeidsbygning, før kommunen kan handsame søknaden må det innhentast løyve/uttale frå arbeidstilsynet jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. arbeidsmiljøloven § 18-9.

Vi gjer merksam på at kommunen kan gje rammeløyve, men ikkje igangsettingsløyve. Dersom det er ønskeleg med oppdelt søknad ber vi om skriftleg attendemelding.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 18.11.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 5914  
20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Multiconsult

Nesttunbrekka 99 5221

NESTTUN